

FRAMLEGG TIL ÅRSMØTET I ROGALAND NEI TIL EU

Rogaland Nei til EU uttalar:

Kampen mot straumkrise rettar seg mot energiunionen vi er med i utan å vera medlemsland i EU. Den norske EU-tilknytninga er til stort tap og skade for folk flest, set norsk industri i alvorleg fare og trugar norsk grønsakdyrking.

Årsmøtet i Rogaland Nei til EU slår fast at ny EU-kamp på dette grunnlaget er nødvendig og er i gang.

Norsk nasjonal energi styring må til for å sikra folket rimeleg tilgang til sin eigen straum og berga norsk industri.

På same måten trengst verkeleg klimapolitikk utan binding til EU på grunnlag av tilrådingar frå FN og internasjonal klimaforsking.

Ut frå energikrise og klimakrise må den norske EU-tilknytninga forandrast og byggja på norsk sjølvråderett.

Anders M. Andersen

Arne Kverneland